

ANSVAR OG PLIKTER - SJÅFØR AV MINIBUSS

Generell informasjon.

- Forsikring på buss og passasjerar
 - Bussen er fullt ut forsikra (bil, førar og passasjer)
- Forsikring utover dette (reise-/fritid) er opp til låntakar

- Ved skade på kjøretøyet, skal sjåføren fylle ut skadeskjema som ligg i bussen, eller nytte elektronisk skademeldingsskjema som ein finn her:
<https://claims-at-net.protectorforsikring.no/nor/nb>

Sjåføren sitt ansvar:

1. Følgje gjeldande reglar i veg- og trafikklova. Dette medfører m.a. å stå til ansvar for eventuelle fartsoverskridingar, parkeringsbøter og andre bøter.
2. Sjå til at passasjerane er tilstrekkeleg sikra i bussen under transport
3. På vegne av kommunen ha det totale ansvaret for bussen så lenge utlånet varar.
4. Følgje dei reglane som til ei kvar tid gjeld for utlån av bussen
5. Brot på regelverket kan føre til konsekvensar for seinare utlån av bussen

Sjåføren sine plikter:

1. Bussen skal leverast i same stand som den vart utlevert
2. Feil/manglar ved bussen skal meldast straks det vert oppdaga, eller ved tilbakelevering.
3. Sjåføren er ansvarleg for at bussen vert rydda/feia og evt. reingjort.
 - Vert ikkje dette oppretthalde, vil det få konsekvensar for seinare utlån, og låntakar vil bli fakturert for reingjering av minibussen